

På lag med
framtida.

Ørsta Venstre



VENSTRE

Med Ørsta Venstre inn i framtida.



Venstre vil gi fridom til den enkelte og ta vare på felleskapet og miljøet. Vi trur på skaparkraft, frivillig innsats, dugnadsånd og lokalt sjølvstyre som grunnlag for eit godt samfunn.

Ørsta er inne i ei god vekstperiode der folketalet snart når 11 000, og det er stor aktivitet innan kultur og næringsliv. Kommunen har fått nytt legesenter med omsorgsbustadar, og der er gjort vedtak om bygging av nye skulebygg både på Sæbø og i Ørsta sentrum. Ikkje minst er det ei stor glede at Ørstahallen er opna og har vorte ein suksess. Hallen har vore ei av fanesakene til Ørsta Venstre i mange år, og vi er stolte av den hallen som no er på plass. Ørsta Venstre sine kandidatar på lista til kommunevalet 2019 vil arbeide for å gjere Ørsta til ei endå betre kommune å bu i.

Ein kommune

- ✓ -som gir omsorg til dei som treng det i alle fasar av livet
- ✓ -som er trygg å vekse opp i og har eit godt barnehage- og skuletilbod
- ✓ -som legg tilrette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst
- ✓ -som er oppteken av jordvern.
- ✓ -som legg til rette for bustadbygging både i sentrum og på bygdene
- ✓ -som søker regionalt samarbeid for å styrke tilbodet til innbyggjarane og sikre og utvikle etablerte institusjonar

Ørsta Venstre

vil vere ein garantist for at Ørsta kommune tek klimautfordringane på alvor og iverksett tiltak for å redusere lokale klimautslepp.

Ein trygg stad å bu

Den nye helsestasjonen som er under bygging skal innehalde tilbod som høyrer naturleg til tenester til barn og familiene deira. Samordna tenester er viktig for dei unge. Venstre vil at bygget skal innehalde helsestasjon for unge.

Venstre vil:

- ✓ bygge ferdig ny helsestasjon med tilhøyrande tenester
- ✓ styrke satsinga på heimebasert omsorg og omsorgsbustadar
- ✓ samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri også for dei under 18 år
- ✓ bygge fleire bustader for utleige og sosiale bustadføremål
- ✓ få på plass gode

dagsentertilbod

- ✓ styrke folkehelsearbeidet
- ✓ styrke fastlegeordninga

Ein god stad å vekse opp

Gode barnehagar i ein spreidd struktur er viktig for Venstre. Det er godt for dei minste å gå i barnehage der dei bur. Skular der folk bur er også viktig for dei yngste i skulen.

Venstre vil:

- ✓ sikre gode barnehagar der folk bur
- ✓ ha stimulerande og trygge uteområde i barnehagar og skular
- ✓ sikre tomta til gamle Ørsta vgs til uteområde for Velle skule og den nye sentrumsskulen
- ✓ bygge symjeanlegg ved fleir brukshallen
- ✓ gi borna eit heilskapleg tilbod i samarbeid mellom skule, SFO og kulturskule



”

Klima - ei utfordring som gjeld oss alle.

Gunnar Knutsen

Ordførarkandidat



Klima

Ørsta Venstre vil iverksette lokale tiltak slik at nasjonale mål for å redusere klimautslipp kan realiserast. Dette betyr mellom anna at vi vil arbeide for gode alternativ til bruk av privat bil.

Venstre vil:

- ✓ arbeide for betre kollektivtilbod mellom Ørsta/Volda og internt i kommunen
- ✓ arbeide for å få time-ekspresjen mellom Ørsta/Volda og øyane
- ✓ legge til rette for konsentrerte bustadområde i sentrum og i bygdene
- ✓ ha som målsetting at det skal vere minst 50 % el-bilar i kommunen sin bilpark innan 2023
- ✓ investere i enøk-tiltak i kommunale bygg
- ✓ oppfordre til miljøfokus ved innkjøp og produksjon av mat på kommunale kjøken

Berekraftig reiseliv

Ørsta kommune er eit ettertrakta reisemål med natur i verdsklasse kombinert med eit levande lokalsamfunn. Satsing på reiseliv gir store muligheter for lokalt næringsliv, men medfører også eit stort ansvar for å ta vare på dei lokale natur- og miljøressursane våre.

Venstre vil:

- ✓ at Ørsta skal vere eit berekraftig reisemål
- ✓ kombinere næringsutvikling med vern av lokalt miljø
- ✓ arbeide for at verdiskapinga i størst mogeleg grad kjem lokalsamfunnet til gode
- ✓ Legge til rette for godt samspele mellom reiseliv og lokalsamfunn



” Vi må prioritere kvalitet i barnehagane, skulen og Sfo. For Venstre er det viktig å auke pedagogimtar.

Lone Ellingvåg Knutsen
kandidat for Ørsta Venstre



” Ørsta må videreføre og styrke arbeidet med tilrettelegging for nye bedrifter og jobbskaping.

Rune Totland
kandidat for Ørsta Venstre



” Vi treng ein sterk region på Søre Sunnmøre, der vi står saman for vidare vekst, utvikling og kultur.

Anne Ellingsen
kandidat for Ørsta Venstre



” Det er viktig for Venstre at Ørsta klarer å samordne og utvikle betre tenester innanfor rus og psykiatri.

Ruth Visnes
kandidat for Ørsta Venstre



Gunnar Knutsen

Ordførarkandidat

Skal Ørsta vere ein god og trygg plass å leve i framtida, er det no jobben må gjerast.

Det er no vi må gjere noko med utsleppa som verkar inn på klimaet. Det er no vi må satse på gode skulebygg med godt innhald. Det er no vi må ruste opp eldreomsorga. Det er no vi må legge til rette for nye bustader, nye arbeidsplassar og ny berekraftig næringsutvikling.

Det er no vi må starte arbeidet med å ruste opp sentrum i samsvar med dei vedtekne

planane.

Ørsta er i siget. Folketalet veks, og då må vi legge til rette for denne veksten i heile kommunen på best mogeleg måte. Ørstingar i alle aldrar og i alle bygdelag må oppleve å bli verdsett.

Eg og Venstre brenn for å ta Ørsta vidare inn i ei klimavenleg framtid som er i stand til å ta vare på alle innbyggjarane.

Gunnar Knutsen

Venstre sin ordførarkandidat



Pål Farstad

Fylkesordførerkandidat

Møre og Romsdal Venstre går til val på å setje ungdom først. For oss er det er det viktig å få på plass ny vidaregåande skule i Ørsta med relevant innhald. Alle born og unge skal ha trygge skulevegar i heile fylket.

Møre og Romsdal treng ein ny giv. Då treng vi nye, friske krefter ved roret. Vi vil byggje sterke regionsentra med urbane kvalitetar og som trekker til seg nye og spennande arbeidsplassar. I åra som kjem vil vi prioritere gode og klimarette vegløysingar. Riktig godt val!

Møre og Romsdal Venstre sine kandidater

1. **Pål Farstad, Kristiansund**
2. **Britt Giske Andersen, Giske**
3. **Frode Heimen, Molde**
4. **Lena Landsverk Sande, Vanylven**
5. **Håvard Urkedal, UV/Haram/Ålesund**
6. **Rita Rognskog, Aukra**
7. **Ragnhild Helseth, Kristiansund**
8. **Kari Grindvik, Skodje/Ålesund**
9. **Roald Røsand, Averøy**
10. **Martin Kjøpstad, Vestnes**
11. **Berit Lyngstad, Ulstein**
12. **Kjell Johan Vatne, Molde**
13. **Tove Norøm Rokstad, Smøla**
14. **Steinar Husby, Sunndal**
15. **Amalie Ringdal Birkhol, UV/Stranda**
16. **Anne Ellingsen, Ørsta**
17. **Kristian Stråmyr, Haram/Ålesund**
18. **Ulla Hay, Sula**
19. **Ingebjørg Eide, Eide/Hustadvika**
20. **Arne Steffen Lillehagen, Rauma**
21. **Jon Eikrem, Tingvoll**
22. **Frits Inge Godø, Midsund/Molde**
23. **Annika Brandal, Hareid**
24. **Erik Vullum, Aure**
25. **Brynhild Lund Notøy, Hornindal/Volda**
26. **Jon Jarlsson Grimstad, Ålesund**
27. **Ola Betten, Molde**
28. **Heidi Hogset, Gjemnes**
29. **Lea Fabri, UV/Smøla**
30. **Jan Ove Skodje, Giske**
31. **Magnar Storøy, Herøy**
32. **Atle Hammerbukt, Eide**
33. **Bjarte Roth, Ørsta**
34. **Charlotte Hauge, Ulstein**

forts...

For fullstendig liste sjå:

www.venstre.no/lokal/more-og-romsdal/

Venstre sine kandidater i Ørsta.



2. Arnfinn Bjarte Sætre

lokallagsleiar med andre plass på Venstrelista. Serviceingeniør frå Vartdal, busett i Ørsta. Er miljøengasjert og oppteken av gode aktivitetstilbod for barn og unge.



3. Are Folkestad

tredje plass på Venstrelista. Dataforskar, busett på Vallabøen i Ørsta. Er engasjert i miljø, skule og barn og unge sine oppvekstvilkår.

4. Hadid Tavaen

Arbeider på Shell i Ørsta, og er aktiv handballdommar på fritida. Er oppteken av å skape gode møteplassar der ungdom frå ulike kulturar kan ha det kjekt i lag



8. Else Marie Halse Ressem

åttande plass på Venstrelista. Vetrinær, busett i Liadal. Er friluftsmenneske og oppteken av natur- og miljøsaker.



10. Elise Roth

Jobbar på Skipsen på Vartdal, busett i Barstadvik. Vil arbeide for eit godt tenestetilbod for folk i alle aldrar som bur på bygdene.

1. Gunnar Knutsen, Ørsta

2. Arnfinn Bjarte Sætre, Ørsta
3. Are Folkestad, Ørsta
4. Hadid Tavaen, Ørsta
5. Erling Taftesund, Håvoll
6. Ruth Visnes, Ørsta
7. Rune Totland, Ørsta
8. Else Marie Halse Ressem, Liadal
9. Bjarte Roth, Barstadvik
10. Elise Roth, Barstadvik
11. Rolf Vatn, Ørsta
12. Anne Ellingsen, Ørsta
13. Kyrre Grimstad, Ørsta
14. Inger Johanne Åkre, Ørsta
15. Einar Flo, Hovdebygda
16. Gunnhild Dalebø, Ørsta
17. Stian Aasen, Ørsta
18. Lone Ellingvåg Knutsen, Ørsta

Les mer om vår politikk og våre kandidater på våre nettsider.

venstre.no/orsta



VENSTRE